

Landbruks- og matdepartementet
Boks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2005 01215	Doknr.: 104
Mottatt: 7 OKT 2005 ASR/ASKL	
Saksopn.: 1EC	Arkiv: 482
Kopi:	Avskr.:

Vår ref.: 0221/05-123.2.1-jon Deres ref.: 200501215-/BHJ Dato: 04.10.05

Forskrift om berekraftig skogbruk – DNTs høringssvar

Vi viser til forskrift om berekraftig skogbruk mottatt 08.07., som vi vil gi våre synspunkt på.

Innleiing

Den nye skogloven, som trer i kraft 01.01.06, er utforma på eit veldig generelt og overordna plan. Den er lite konkret og er heller ikkje særlig ambisiøs, og det meste av spesifikk skog- og miljøpolitikk er lagt til forskriftsnivået. Dermed er det i stor grad opp til embetsverket i LMD å utforme gode forskrifter som har den nødvendige miljøprofil og faglige forankring.

I og med at skogloven er såpass generell, var det knytt store forventingar til miljøforskrifta, og politisk leiing i departementet hadde også signalisert at forskrifta skulle bli det loven ikkje er: konkret, ambisiøs, framtidretta og basert på moderne miljøprinsipp. DNT var derfor svært skuffa da vi såg utkastet til miljøforskrift: Dette er rett og slett ikkje godt nok. Vi ber derfor departementet om å ikkje godkjenne denne forskrifta, men revidere den på vesentlige punkt.

Behov for slagkraftig og tydelig miljøforskrift

Det er eit overordna mål i norsk naturforvaltning å ta vare på det biologiske mangfaldet, særleg sjeldne og trua artar og naturtypar. Derfor har regjering og storting forplikta seg til å stanse tapet av biologisk mangfold innan 2010. Halvparten av raudlisteartane finst i skog, og mange av dei har spesielle krav til livsmiljøet, f.eks. død/døande skog, naturlige brannar, vindfall osv. Derfor er det behov for eit berekraftig skogbruk basert på moderne miljøprinsipp.

Eit variert skogbruk, der det blir lagt vekt på å ta vare på viktige biotopar for flora og fauna, er også meir eigna for friluftsliv og rekreasjon, og er langt rikare på naturopplevingar. Variasjonen av artar og skogtypar, eit mangfaldig skogbilde med bl.a. gamle, døde, nedfalne og rotne tre/læger gjer skogen spennande å ferdast i. Også det enkle friluftslivet blir betre tatt vare på, bl.a. ved at skog inntil stiar/løyper ikkje blir hogd, og ved å sette att skikkelige kantsoner mot vassdrag/våtmark og myr.

Eit tradisjonelt bestandsskogbruk med hovudvekt på økonomi og overskot vil ikkje kunne sikre desse verdiane. Derfor er det behov for ei framtidretta miljøforskrift, basert på ny kunnskap, som setter ambisiøse og klare krav til det skogbruket og skogbildet vi skal oppnå.

Generelt

Hovudinnretninga på forskrifta er etter DNTs syn for dårlig. Stortinget sa ved behandling av skogmeldinga våren 1999 at *"miljøforpliktelsene bør få et innhold som er mer i tråd med da-*

gens kunnskap”. Likevel er det ingen overordna og heilskaplig tilnærming i forskrifta. For å sikre artar og livsmiljø i skog, bruker fagmiljøet i dag landskapsøkologi og landskapsøkologisk kartlegging, dvs. å ta vare på skog på eit storskalanivå. Viktige utfordringar er å beskytte større, samanhengande, urørte skogområde, naturskog/urskogsliknande skog, nøkkelbiotopar, kantsoner mot våtmark/vassdrag, sjeldne naturtypar i skog, biotopar for sjeldne artar osv.

DNT ønskjer ikkje ei forskrift som er basert på eller delvis bygger på Levende Skog, som er ei frivillig og uforpliktande ordning. Forskrifta må vere eit nasjonalt, uavhengig og offisielt verkøy som står heilt på egne bein. Den skal referere til ny, forskingsbasert og uavhengig kunnskap, og skal samtidig vere forpliktande. Å forvalte ei slik forskrift er styresmaktenes ansvar, og kan ikkje vere knytt til skognæringas egne standardar, uavhengig av kor stor oppslutning Levende Skog har.

Vi avviser også at Miljøforskrifta skal vere felles med forskrift om forynging og tiltak mot skogskade. Dette gjer miljøforskrifta mindre tydelig og mindre viktig, dvs. at det reduserer miljøforskriftas status. Vi forventer ei frittstående miljøforskrift, som er god, framtidsretta, ambisiøs og står på egne bein. Dei andre temaene får heller kome som egne forskrifter.

Merknader til enkeltparagrafar

§ 1-1 Formål

Paragrafen bør berre innehalde omsyn til eit miljøvennlig skogbruk, ikkje forynging og skade (jfr. merknader over). I tillegg er formålsparagrafen altfor svak. Det er ikkje tilstrekkelig å vise til eit ”bærekraftig skogbruk”. Her må det vere klare referansar til biologisk mangfald og sårbare artar/naturtypar.

§ 2-1 Hovudprinsipp

Prinsippet om landskapsøkologisk tilnærming må inn her, og det må leggest vekt på å sikre større, samanhengende skogområde, nøkkelbiotopar, naturskogar, artsmangfald og sjeldne naturtyper i skog i tillegg til det som er lista opp i paragrafen. Omgrepet ”takast nødvendige omsyn til” er ikkje godt nok, her bør det stå ”*leggast til grunn*”.

§ 2-2 Miljødokumentasjon/registreringar

DNT krev full meldeplikt for alle hogstar og skogbruksplanar over 30 daa. I denne samanheng er det heilt nødvendig med god miljøkompetanse hos kommunane. Miljøorganisasjonane bør få både innsyns- og klagerett i slike saker.

§ 2-3 Miljøomsyn ved skogbrukstiltak

Som nemnt over vil ikkje DNT ha referansar til Levende Skog i forskrifta, men ha ei uavhengig og frittstående forskrift. I staden bør det stå at ”*skogeigar har ansvar for å sikre dei livsmiljø som er kartlagt og prioritert etter faglig-biologiske registreringar*”.

Bakgrunnen for dette er bl.a. at mange skogeigarar ikkje følgjer Levende skogs standardar. I tillegg har vi ingen garanti for at Levende Skog består i framtida. I og med at det er ei frivillig ordning, kan den bli avvikla på kort tid. For det tredje endrer LS-standard den seg over tid. I ei nasjonal forskrift har vi behov for ein standard og eit verkøy som er overordna vekslande standardar. I Sverige fungerer dette utmerkt.

Vi støtter det som står om å unngå kvist og hogstavfall i stiar, løyper og andre ferdselsårer, men avsnittet er ufullstendig. Det må også stå: ”*Ved hogst skal det settast att eit funksjonelt skogbelte inntil større stiar, løyper og andre ferdselsårer*”. Kva som skal vere definisjonen på ”større” har vi ikkje noe klart svar på, men det kan f.eks. vere stiar/løyper som er merka av frivillig lag/foreining, slik som Turistforeningens og Skiforeningens merkepraksis.

I avsnittet om lukka hogstar vil vi endre språkbruken noe, og legge vekt på at ein ved avvirkning *primært* bør bruke lukka hogstar. Evt. unntka frå dette kan listast opp etterpå.

DNT vil endre på det som står i forskrifta om kantsoner mot vassdrag. Som utgangspunkt bør det *ikkje hoggast* i kantsoner mot vatn og vassdrag, og heller ikkje i kantsoner mot *myr*. Første setning i dette avsnittet er derfor etter vårt syn overflødig. Vidare meiner vi det er for lite fokus på skogens betydning for vasskvalitetet og økosystemet i og rundt vassdrag. Ved ansvarfull bruk av skogen, god planlegging og et heilskapssyn kan ein oppnå både produksjons- og miljømål i skogbruket. For vassdragas del er det særskildt viktig å tenke i eit landskapsperspektiv. Dei binder i hop landskapet, fungerer som korridor for mange artar, utgjør ein viktig biotop og er opplevingsmessig verdifulle. Derfor bør det ved skogsdrift leggast langt større vekt på sikre vassdrag. For å dekke opp dette i forskrifta foreslår vi derfor eit tillegg til det som står: *"Ved skogsdrift skal det leggast avgjerande vekt på vassdragas opplevingsverdi og funksjon som landskapselement, viktig livsmiljø og korridor for mange artar."*

DNT støtter forbodet mot nygrøfting av myr og sumpskog, men meiner at forbodet også bør gjelde skog der det er lenge sidan grøfting, og der skogen er i ferd med å nærme seg opphavlig tilstand. Vi går sterkt mot at det skal opnast for å skifte treslag i edellauvskog. Dette er ein av våre mest trua og sjeldne skogtypar, og er særskildt viktig å ta vare på. Andre setning i dette avsnittet må derfor strykast. Vi ønskjer i staden ein ny setning her: *"All gjødsling og sprøyting av skog er forbode."*

Avsnitta om skogreising på snaumark, treslagskifte og utanlandske treslag må endrast. Denne langvarige praksisen har ført til dramatiske endringar av mange etablerte økosystem, og forringer og reduserer artsmangfald og opplevingsverdi. DNT foreslår: *"All skogreising på snaumark, skifte av treslag og bruk av fremmede treslag er forbode. På areal mindre enn 10 daa kan det søkjast unntak frå forbodet mot skogreising på snaumark. Før kommunen evt. godkjenner slik søknad, skal det dokumenterast at det blir brukt stadegne tresortar."*


Manglar i forskrifta

Forskrifta må ha med eit punkt om å ta fleirbruksomsyn ved skogsdrift. Her må det presiserast at sårbare og viktige biotopar skal bevarast, f.eks. døde/døande tre, reirtre for holrugarar, reirplassar for rovfugl, spelplassar for skogsfugl, kartlagte lokalitetar for raudlisteartar, kartlagte nøkkelbiotopar osv., og at det er behov for biologisk basert skjøtsel av kulturmark, hagemark, skog osv.

I forskrifta bør det være forbod mot hogst/skogbrukstiltak (inkl. skogsvegar) som reduserer villmark/inngrepsfri natur (definert som h.holdstid ≥ 5 km frå tekniske inngrep, 3-5 km frå inngrep (inngrepsfri sone 1) og 1-3 km frå inngrep (inngrepsfri sone 2)). Dette er natur som er i sterk tilbakegang, og som det er eit overordna, nasjonalt ansvar å ta vare på.

Forskrifta må også ha med eit punkt om forbod mot skogsdrift i naturskog og urskogsliknande skog. Det er nettopp den typen skog vi finn minst av i Norge, og som det er viktig å reetablere, og som har flest trua artar. Derfor bør også omgrepet restaureringsbiotopar inn i forskrifta, dvs. skog som har potensial til å bli framtidig urskog.

Med vennlig helsing


Jan Olav Nybo
fagsjef naturforvaltning